



Tidlegare sokneprest i Røldal, Arne Nataas, held fram som vikarprest i Uskedalen. (Arkivfoto frå frluftsgudstenesta på Skorpo 2019).

På gudstenesta i Uskedalen for vel ei veke sidan var prosten i Sunnhordland, Svein Arne Theodorsen, liturg. Han sa fram ei helsing frå den nye soknepresten, Stian Helland, som er sjukemeld og er dermed ikkje er klar for teneste i Uskedalen enno. Helland er open om at han har diagnosen ME og har mista krefter. Stian Helland har flytta til Huglo frå Ringsaker. I sjukemeldingsperioden held Arne Nataas fram som vikarprest.

På gudstenesta 18. august var det dåp. Dåpsbarnet fekk namnet Svein Myklebust Meling. Mora, Julie Myklebust, kjem frå Uskedalen, faren Simen M. Meling frå Rosendal.

Prosten sin tale handla om ulike former for tilgjeving,- å tilgje andre, å bli tilgjeven og ikkje minst å tilgje seg sjølv. Menneske kan ikkje krevja tilgjeving, men kan bed om orsaking. Den gode samanhangen ved tilgjeving er å vera raus og ha eit ope hjarta for forsoning.



Dåpsbarnet fekk namnet Svein Myklebust Meling, her saman med prosten i Sunnhordland og far, Simen M. Meling og mor, Julie Myklebust.
Reidar Algerøy var organist.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal